

Styremøte i SFSG på Skei

28.02.2014

Til stades:

Ragnhild Sæle
Lars Nesse
Rune Myklebust
Eva Høydal
Lene Engvik Rasch

9/14: Jordbrukstingingane 2014

Jordbruksforhandlingane 2014 var tema allereie på leiarsamlinga i Sæbø 25- 27 oktober. Her blei det nedsett ei arbeidsgruppe med to representantar frå Sogn og Fjordane Sau og Geit og to frå Møre og Romsdal Sau og Geit. Leif Brekken blei utnemnd som leiar av denne gruppa. 12. november blei framlegget frå arbeidsgruppa sendt ut til lokallaga, med svarfrist 25. november. 19. desember blei det endelege framlegget sendt til styret i SFSG og MRSNG for godkjenning. Det endelege innspelet til jordbruksforhandlingar blei sendt frå SFSG/ MRSNG 2. januar 2014. Sjå heimesida til SFSG: www.nsg.no/sfsg/ for å lese innspelet.

10/14: Norsk kashmirlag

SFSG har motteke eit innspel til jordbruksforhandlingane. Me vidaresender dette direkte til NSG, utan å ta stilling til innhaldet.

11/14: Arbeidsplan

Me diskuterte arbeidsplanen for 2014 ut i frå utkastet frå førre styremøte. Denne blir lagt fram på årsmøtet, og kjem i årsmøtereferatet.

12/14: Ymse

Me diskuterte godkjenning av årsmeldingar frå gjetarhundlag. Me vil utsetje dette til me har fått inn alle.

Ref. Lene Engvik Rasch

-sign-

